

83 år sidan ein gründar gjekk i land

18.01.2012



Tørris i New York før han gjekk i land. Utlånt av Terje Myklebust.

**Mange forgår men Trelastlageret består! Slik kunne ein pynte litt på eit motto for eit forsikringsselskap og gjera det lokalt for Uskedalen. I alle fall er det imponerende i desse turbulente tider at eit firma kan halda det gåande i 83 år slik Uskedal Trelastlager har gjort det. For så lenge er det, som vi fortalde i går, sidan ein**

**gründar gjekk i land.....  
Han fortener litt ekstra merksemd!**

Tørris Sveinsen Myklebust (1894/1967) var berre 21 år då han avla styrmannseksamen og 7 år seinare tok han eksamen som skipsfører, I 1927 viste han sjømannskap av fyrste klasse då han som førar av DS Augvald av Haugesund berga DS Ullstad av Arendal i heftig uvær utanfor Falklandsøyane. Den redningsdåden kan du lesa om i Uskedalpostens påskenummer som kom for 4 år sidan.

Medan dratamtikken utfalda seg hadde Tørris kona Margit (født Mathisen, frå Skånevik) og borna Karen, Else (tvillingar) og Torolf heime i Uskedalen. Omsynet til dei fkk han til å gå i land og bli trelasthandlar i 1929. Her var det ingen i den bransjen frå før.

Tørris kjøpte nokre gamle sjøbuer på Eikelandet og slo seg ned der. Startkapitalen var truleg bergingsløna frå Falklandsøyane og slantar på bok. Han hadde ikkje så mykje som ei trillebår. Han hadde ingen stor stab, men tok inn folk frå tid til annan. Ein av dei trufaste var Nils Myklebust.. Tørris hadde eit tilbakefall til sjøen i form av båten Solfjell som han bygde ferdig like etter krigen hos Eidsvik.

Trelastlageret opplevde ikkje så stor konkurranse etter krigen, men så kasta også dei seg på ferdighus og gjorde det godt. Dei var oppe i 35-40 hus nokre år. I 1971 vart storbygget i Beinavikjo reist og ferdighusproduksjonen heldt seg til rundt 1985. då konkurransen hardna til. No har firmaet som nevnt i går 7 fast ansatte og ser med optimisme mot framtida for det som starta med at ein sjøkaptein gjekk i land...

Av Ola Matti Mathisen